



&gt;&gt;&gt; INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE &lt;&lt;&lt;

# BYGLANDSNYTT

Med hjarta i Bygland



## SISTE NYTT FRÅ BYGLAND KOMMUNE

### AKTIVT FRITIDSLIV I BYGLAND OGSÅ I DEI MØRKARE ÅRSTIDENE

#### LES MEIR - S. 5 <<<

Omstillingsprosjektet Bygg Bygland skal bidra til å stimulere til positiv samfunnsutvikling og bustadsattraktivitet i kommunen. Gyro Heia vil at det kjem fleire til kommunen som vel å busette seg og bli positive tilskot til lokalsamfunnet.

#### >>> SJÅ MEIR - S. 13-15

Frå Bygland revy i regi av Bygland Dramatiske Selskab, mekkeklubb for ungdomar, treningsøker med Bygland IL, kor- og korpsaktivitet til førjolskos - Bygland er rik på fritidsmoglegheiter sommar som vinter

### BYGG BYGLAND - GYRO HEIA VIL FINNE MOGLEGHEITANE RUNDT OSS I BYGLAND

#### Merketider november:

- Vaksineringsdag på Bygland: torsdag 7. november kl. 09.00 - 15.00 (sjå s. 8)
- Søknadsfrist for TT-kort: fredag 15. november (sjå s. 6)



## ORDFØRAREN SI SIDE

# NOVEMBERHELING FRÅ ORDFØRAREN

November er her, og det nærmar seg jultida. I butikkane er jula her for lengst. Eigentleg har eg eit prinsipp om å ikkje røre julegreiene før i desember, men det er lett å gå på ein smell.

Oktober er bak oss og i kommunestyret 16.10 vedtok kommunestyret ei støtteordning for grendelag og næringsliv til å sette opp badstoger. Det trur eg kan bli veldig positivt, både for bygdefolk og besøkande. Ein varm og god møteplass, med instagram-effekt!

Vi hadde også ei kjempefin opning av utstillinga frå vikingtida i det nye Folkebiblioteket på Bygland. Det er grunn til å vere stolt av samarbeidet med Kulturhistorisk Museum, som gjer det mogleg å «få heim» slike gjenstander. Også skulane er godt kopla på dette arbeidet, og som Hege Jore Gakkestad sa under kulturminnekonferansen på Bygland så er det nok ein del av dei unge som ynskjer seg metalldetektor til jol i år. Bygland er full av skattar, og ein heil del er ikkje funne enda!

I november får politikarane forslag til budsjett for 2025 og økonomiplanen dei neste åra framlagt frå administrasjonen. Det er i budsjetta ein legg dei store føringene for kommunen vår framover. Vi veit at det kan bli krevjande tider framover, og vi står foran ei omstilling. Fokuset må vere å sørge for at kommunen skal kunne levere gode tenester, og særleg for dei som treng det mest i åra som kjem.



ORDFØRAREN I BYGLAND, RUNAR GRANHEIM

Bygg-Bygland som blir leia av Gyro Heia er godt i gong, og vi merkar at det er mykje bra på gong. Næringslivet i kommunen er engasjerte og framoverlente og det er ein positiv «drive» i kommunen vår no. Det er all grunn til å vere positiv, og Gyro gjer ein framifrå jobb. Men ho klarar det ikkje aleine. Me må alle ta ansvar å vere med å kome med idear, spreie positiv tru på næringslivet og vere med å gjere kommunen vår god å vere i.

Særleg no, i den kanskje mørkaste månaden i året. Mental helse har vore tema i Setesdølen, og det er veldig bra. For me treng å fokusere på dette, vi må snakke om det.

I arbeidet med levekår og folkehelse er mental helse heilt sentralt. Det er viktig å prioritere møteplassar, satsing på betra levekår, gode helsetenester og oppvekstmiljø, det er heile kommunestyret samde i. Men me kan ikkje vedta at folk må snakke saman om dei vonde tinga og våge å seie i frå om ein slit Det er opp til kvar og ein av oss og gjere dette og vere gode vener, medmenneske og naboar!

Til slutt vil eg takke særleg Susanne Hegenscheidt som tek ansvar for Byglandsnytt og som elles marknadsfører mykje av det gode Bygland har å tilby på sosiale medier og elles! Ho får fram mykje av alt det positive me har å tilby. Takk for jobben du gjer!

**Mvh Runar Granheim**





# OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

## BYGLAND KOMMUNEHUS



- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

## EVJE OG BYGLAND LEGESENTER



Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - **Legevakt tlf. 116 117**  
 telefontider måndag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00

- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND  
 tysdag, onsdag, torsdag kl. 08.00 - 15.00
- EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE  
 måndag - fredag kl. 08.00 - 15.00

## BYGLAND TANNLEGEKLINIKK



### MELLOMBELS STENGING AV BYGLAND TANNKLINIKK

Alle pasientane våre får tilbod om behandling på Evje tannklinikk.

Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95

Nils Heglands veg 40, 4735 Evje (2. etasje til venstre)

## FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



Bibliotekar: Mari Rygg tlf. 945 22 025

BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 16, 4745 BYGLAND

**Biblioteket på Bygland opnar att i nye lokale i løpet av november.**

Kommunen er i ferd med å sette opp tenesteplan, slik at me kan opne lokala for leseglade byglendingar, for vikingtidsutstillinga og for ein koseleg prat med bibliotekaren.

Følg med på kommunen sine inforkanaler.



BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD,  
 STASJONSOMRÅDE, 4741 BYGLANDS-  
 FJORD

- måndagar kl. 17.00 - 19.00
- tysdagar kl. 9.00 -12.00
- onsdagar kl. 17.00 - 19.00





## POLITISKE MØTE - NOVEMBER 2024



Kommunestyremøte: 05.11. kl. 09.00  
 Rådet for eldre og funksjonshemma: 25.11. kl. 12.00  
 Bygland Ungdomsråd: 25.11. kl. 15.30  
 Plan-, miljø- og ressursutvalet: 26.11. kl. 09.00  
 Levekårsutvalet: 27.11. kl. 09.00  
 Formannskapsmøte: 28.11. kl. 09.00



### Kommune-TV - streaming av kommunestyremøte

I formannskapsmøtet 03.10. informerte ordføreren Runar Granheim om at kommunestyremøtene blir video-strima frå neste år av. Midlane for utstyr og lisens blir lagt inn i budsjetthandsaminga for 2025.



## ANNAN OFFENTLEG INFORMASJON



### Passbilen kjem til Bygland, Evje og Hornnes politistasjon den 13./14.11. og til Valle og Bykle politistasjon den 11./12.11.

Bestill time på nett, på [www.politiet.no](http://www.politiet.no), velg "Søke pass og ID-kort".

Om det er brukarar som ønskjer hjelp med dette kan dei komme innom ein av politistasjonane, eller ringe oss.

- Valle og Bykle Politistasjon, Kjellebergsveien 12, 4747 Valle, tlf. 38 13 68 50:  
11. november, kl. 12.30 – 15.00 og 12. november, kl. 08.15 – 15.00
- Bygland, Evje og Hornnes politistasjon, Verksvegen 4, 4735 Evje, tlf. 38 13 68 30:  
13. november, kl. 08.00 – 16.00 og 14. november, kl. 08.00 – 16.00



## REDAKSJONSNOTAT BYGLANDSNYTT NR. 63

### REDAKSJON

- Redaktør: Susanne Hegenscheidt
- Ansvarleg redaktør: John Salve Sigridnes

### BILETE

- Framside: Vassend på Byglandsfjord / Johannes Hansen
- Redaksjonsnotat: Pæretre i Åraksbø/Liv Elin Frøysnes Berg
- Innhald (m.m. anna er spesifisert): A. Fauske, A.C. Andersen,
- pixabay.com, S. Hegenscheidt - Kva skjer: Ose / S. Hegenscheidt

**Byglandsnytt desember 2024: 03.12.2024, skrivefrist 28.11.**

Send tips til [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no) - merknad: Byglandsnytt

Arkiv: [bygland.kommune.no/byglandsnytt](http://bygland.kommune.no/byglandsnytt)





# OMSTILLINGSPROSJEKTET BYGG BYGLAND

## Omstillingskommune

Ein omstillingskommune er ein kommune som over tid har mista mange arbeidsplassar.

Bygland kommune har fått status som omstillingskommune, og er dermed med på ein omstillingsprosess som inneber ein ekstraordinær innsats for å skape nye, og sikre eksisterande arbeidsplassar. Det blir og arbeid med å styrke næringsgrunnlaget og utviklingsevnen i området.

**Gyro Heia** er tilsett som moglegheitsutviklar og skal drive prosjektet. Prosjektet har fått namnet **Bygg Bygland**.

Bygg Bygland har eiga heimeside: **bygg-bygland.no**

Bygland kommune har mange flotte eldsjeler og frivillighet, gode naboar og lokalsamfunn, fantastisk natur og friluftsliv og eit næringsliv med gode arbeidsplassar. Samtidig treng kommunen endå fleire til å busette seg her og fleire arbeidsplassar for å trygge framtida.

Bygg Bygland ønskjer å komme i kontakt med personer som sitter og lurar på om dei skal sette i gang med ein bedriftside dei har/eller ønskjer å se på moglegheitene for å videreutvikle allereie eksisterande bedrift.

Eller om det er nokon som har innspel/ initiativ som kan bidra til å skape bustadsattraktivitet i kommunen.

Gyro Heia er tilgjengelig både på mail og telefon.

Gjennom heimesida til Bygg Bygland kan du booke deg inn til møte på valgfrie timar i Gyro sin kalender.

## GYRO HEIA, MOGLEGHEITSUTVIKLAR

**e-post:** gyro.heia@bygland.kommune.no

**tlf.:** 91 71 75 21



MOGLEGHEITSUTVIKLAR  
I BYGG BYGLAND,  
GYRO HEIA

## INTERKOMMUNALE SELSKAP - KVA SKJER I NOVEMBER?

### Setesdal regionråd

**Setesdalskonferansen 2024**, torsdag 7. november, Revsnes Hotell, Byglandsfjord

### Agder fylkeskommune

**Kvinnespranget 2024 - Setesdal**, torsdag 28.11. kl. 16.30 - 21.00 Sølvgarden Hotell og feriesenter, Rysstad

### Setesdalsmuseet

- **Opning av utstillinga Portrettmestaren Olav Bjørgum**, laurdag 16.11. kl. 16.00
- **Joleverkstad på Setesdalsmuseet**, Fakkeltog, Ljosmesse, 1. advent frå kl 14.00



Setesdalsmuseet





# NYTT FRÅ EININGANE

## ADMINISTRASJON OG ØKONOMI



### Transportteneste for funksjonshemma (TT-kort)

Transportstøtte (TT-kort) er eit tilbod til deg som har nedsett funksjonsevne og ikkje kan bruke ordinær kollektivtransport til fritidsreiser. Det skal gi deg som er avhengig av dør-til-dør-transport, moglegheiter til å delta i aktivitetar i nærmiljøet på lik line med andre

**NESTE SØKNADSRIST: 15. NOVEMBER**

#### Kva er TT-kort?

TT-kortet blir brukt som betalingsmiddel i drosje. Kortet er elektronisk og blir brukt som eit vanleg bankkort. Det er personleg og har påført namn og brukarnummer.

Beløpet blir tildelt etter faste satsar, og blir vurdert opp mot behovet ditt. TT-kortet skal kun brukast til lokale fritidsreiser og ikkje til sjuketransport, legebesøk, reise til fysioterapi eller andre reiser som blir dekkja av folketrygda. Les meir på [pasientreiser.no](http://pasientreiser.no)

#### Kven kan få tilbodet?

TT-kortordninga rettar seg mot personar med nedsett funksjonsevne og forflyttingshemma som ikkje kan bruke offentlege transporttenester som buss eller liknande.

Slik søker du:

Du må fylle ut søknadsskjema for TT-kort og legen din må fylle ut legeerklæring.

Du kan søke om TT-kort ved å logge inn med ID-porten i skjema på Bygland kommune si heimeside eller spørre etter skjema ved publikumsmottaket. Du kan søke sjølv eller på vegne av nokon andre.

#### Søknadsfrist

For tildeling 1. halvår er søknadsfristen 15. november og for 2. halvår er fristen 15. mai.

Om du har fått innvilga TT-kort, treng du ikkje søke på nytt for neste halvår.

Det er kun tildeling to gonger i året, så søknadar som kjem inn etter fristen, blir liggande på vent til neste behandling.

#### Kategori og tildelt beløp

- Gruppe 1: 1 975.- pr. halvår
- Gruppe 2: 3 950.- pr. halvår
- Gruppe 3: 5 925.- pr. halvår
- Gruppe 4: 988.- pr. halvår
- Gruppe 5: 24 700 pr. halvår (Nasjonal ordning)

#### HAR DU SPØRSMÅL?

**Rune Larsson**

Sakshandsamar

E-post: [rune.larsson@bygland.kommune.no](mailto:rune.larsson@bygland.kommune.no)

Telefon: **37 93 53 58**

Mobil: **91 33 85 85**

#### Kva skjer vidare?

Om du har fått innvilga TT-kort vil du få eit kort i posten som du kan bruke som betaling for transport med drosje eller spesialbil.

Kortet blir fylt opp med tildelt beløp 1. januar og 1. juli.

Om situasjonen din endrar seg, og du får behov for eit høgar beløp enn du er tildelt, må du søke på nytt. Då brukar du samme søknadsskjema og legeerklæring. Det er dei samme søknadsfristane som gjeld.



# NYTT FRÅ EININGANE

## >>> ADMINISTRASJON OG ØKONOMI



### Venter du på beskjed om vassmålaravlesing?

Vi arbeider med å sende ut SMS-varsel om avlesing av vassmålarstand i desse dagar, men opplever nokre tekniske utfordringar.

Varselet vil difor kome noko seinare enn i fjor, då det blei sendt ut 1. november.

Vi tek sikte på at SMS er sendt ut i løpet av veka 45.



## >>> SAMFUNN




### Stønad til bygging av badstoger i Bygland kommune

Kommunestyret har vedteke å gi støtte til bygging av badstoger i Bygland kommune.

#### Reglement for støtte til bygging av badstoger

Kommunestyret har, i PS 106/24, vedteke å sette av kr. 400.000.- til tiltaket.

- Søkar må vere eit lag, foreining eller kommersiell aktør som har organisasjonsnummer i Brønnøysundregistret. Lag og foreiningar blir prioritert før kommersielle aktørar..
- Bruken av badstoga skal ha eit allmennyttig føremål, dette må komme fram i søknaden. og må vere tilgjengeleg for innbyggjarane.
- Det må føreligge ein underskriven avtale med grunneigar der badstoga ynskjust å setjast opp.
- Badstoger er søknadspliktige og krev byggeløyve frå kommunen.
- Det kan søkast om støtte med inntil 50% av dei totale byggekostnadane for næringsdrivande. Ingen tak for lag og foreiningar.
  - Maksimal storleik på enkelt stønad er kr.150.000. For næringslivet.- som vert utbetalt når ferdigattest er gitt.
  - Badstoger bygd av lag og organisasjonar som ikkje blir bygd til næringsformål kan bli fullfinansiert.
  - Badstoger til næringsføremål kan bli støtta med inntil 50%. (Jfr. Bagatellstøtteregulverket - EØS).
- **Søknadsfrist er 1. mai 2025.**
- Formannskapet får fullmakt til å behandle søknadar om tilskot



### No kan du melde om feil på gateljos

Haustmørket har senka seg, og av og til ser vi at det er gateljos som ikkje fungerer som dei skal. No kan du melde frå til oss om feil på gateljos. Vi har tilgong til eit system der du sjølv kan melde feil på gateljos, elektronisk.

Du finn meldingsskjemaet som nytt meny punkt på Bygland kommune si heimesida





# NYTT FRÅ EININGANE

## ►►► SAMFUNN

### Folkemøte i Grendi 17. oktober

Bygland kommune møtte 24 engasjerte innbyggjarar på Grendi skule 17. oktober.



Vi diskuterte korleis vi saman kan få til ei opprusting av uteområdet med fokus på aktivitet, trivsel og samhald. Grendelaget sitt styre presenterte sitt forslag til apparat og aktivitetar. Deltakarane samla seg rundt borda og laga skisser av korleis dei ønska at uteområdet skal bli, og kva for apparat og aktivitetar det kan innehalde. Skissene hadde ein del felles innhald som synte tydelege ønskje for området. Det var fokus på aktivitetar for både små og litt større barn og på sitteplassar. Frå kommunen sin side vart det informert om budsjettprosess og Grendelaget sine moglegheiter for å søkje om tilskot. Deltakarane var positive til å bidra i dugnadsarbeid og vidare drift og vedlikehald av området. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe og bestemt tidspunkt for møte der det blir jobba vidare med prosjektet.

**Bygland kommune, Samfunn lyser ut stilling som Prosjekt/Kommuneingeniør, fast; Stillingsfunksjon: Bygge-/anleggsteknikk, Ingeniør, VAR-teknikk. Søknadsfrist: 24.11.2024**

## ►►► BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG OPPVEKST

### Felles innsats for TV-aksjonen - SAMAN FOR SMÅ HELTER

Søndag 20. oktober gjorde bøsseberarar over heile landet ein viktig jobb med å samle inn pengar til TV-aksjonen og barnekreftforeninga. På landsbasis blei det samla inn heile 366 877 195 kr! Oppvekstsentra i Bygland viste sterk innsats for TV-aksjonen

I Bygland kommune vart det etterkvart imponerende mange bøssebærarar med stort og smått, 30 totalt. Dei gjorde alle ein viktig jobb den dagen!

Då alle bøsseberarane var ferdige med rundane sine, var det heile 46 309 kr. i kontanter!!

I tillegg vart det samla inn 50 001 kr. via Vipps!

Skulane samla totalt inn 9827 kr! I tillegg kom bidraget frå Bygland kommune på kr. 20 000.

Totalt samla me inn 126 137 kr, og er med det på 5 Plass i fylket!

**Me takkar alle elevar, tilsette og bøssebærarar for god innsats til inntekt for TV-aksjonen!**



Byglandsfjord skule organiserte lommelykttur rundt Vassend i samband med tv-aksjonen **torsdag 17.oktober.**

Billete: Anita Jørstad

Bygland skule solgte vaflar på kommunehuset i Bygland til inntekt for tv-aksjonen **torsdag 17.oktober.**

Billete: Susanne Hegenscheidt





# NYTT FRÅ EININGANE

## ►►► PLEIE OG OMSORG

### Aktiviteter på Byglandsheimen i november

5/11 kl. 14.00 Andakt med Knut

6/11 kl 15.30 Konsert med Britt-Synnøve Johansen og Rasmus Solem: Fransk på Norsk

7/11 kl. 14.00 Besøksven - dialektord og stoldans

13/11 kl. 11.00 Konsert med Solem og Frøyshol

19/11 kl. 14.00 Andakt med Kjell

28/11 kl. 17.00 KVS: Diakonalt Arbeid; Pepperkakebaking



## ►►► HELSE OG LIVSMEISTRING

### Influensa- og koronavaksinering hausten 2024

Denne hausten kan dei som er anbefalt å ta influensa- og koronavaksine, ta både vaksinene samtidig, om du ønskjer.

Det blir vaksinering på i Evje og Hornnes og Bygland 5. - 7.11.

Hugs å bestille time i forkant.



#### Hvem anbefales å ta vaksine?

- Alle over 65 år bør ta begge vaksinene.
- Dei som er kronisk syke, har alvorlig fedme eller er gravide bør også ta vaksinene. Snakk med legen din om du er usikker på om det gjelder deg.

#### Ikke i målgruppa?

Ønskjer du vaksine selv om du ikkje er i dei nevnte målgruppene? Du kan likevel bestille time og ta vaksine. Bestill time på samme måte som dei som er i målgruppene.

#### Slik bestiller du time

- **Bestill på nett:**

Bestill time digitalt på [helsenorge.no](https://helsenorge.no):

- **Bestill ved å ringe**

Du kan også bestille time ved å ringe vaksinetelefonen på **901 17 848**.

Telefonen er kun open i veke 43 og 44: måndag, tysdag og torsdag kl. 10:00-12:00 og 13:00-15:00.

#### Når kan du få vaksinene?

##### På Evje: På Evjeheimen (ved kafeteriaen)

- tysdag 5. november kl. 14:00-19:00
- onsdag 6. november kl. 09:00-15:00

##### På Bygland: I kommunestyresalen på kommunehuset

- **torsdag 7. november kl. 09:00-15:00**

#### Hva koster vaksinene?

Koronavaksine er gratis. Influensavaksine koster kr. 320,-

Vi tar kun betaling med kort.





## BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



### Bygland frivilligsentral og BUA Bygland

**Besøksadresse: Prestneset 2, 4745 Bygland**

Postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: [post@bygland.frivilligsentral.no](mailto:post@bygland.frivilligsentral.no). Nett: [bygland.frivilligsentral.no](http://bygland.frivilligsentral.no)

Leiar: Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70

Foreningsportalen: [bygland.foreningsportal.no](http://bygland.foreningsportal.no)



### Opne aktivitetar



- BUA Bygland (utstyrssentralen), [bua.io](http://bua.io), tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka



### Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland

- Måndagskafé: måndagar i oddetallsveker kl. 12.00 -14.00 (04. og 18.11.)
- Bygdemiddag: tysdagar i oddetallsveker, kl. 16.00 – 18.00 (05. + 19.11.)
- Bingo: tysdagar i partallsveker, kl. 18.00 – 20.00 (12. + 26.11.)
- Strikkekafé: 1.+3. torsdag/månad kl. 18.00 – 20.00 (07. + 21.11.)
- Kreativ verkstad: for 5.-7. kl. torsdagar kl. 15.00 - 17.00



### Aktivitetar i Byglandshallen

- Styrketrening: kvar torsdag kl. 13.00 – 14.30
- Teppebowls: torsdagar i partallsveker kl. 16.30 – 18.30; (14. + 28.11.)



### Aktivitetar andre plasser

- Seniorsenter: måndagar i oddetallsveker, kl. 11.00 – 14.00 – Pakkbua på stasjonsområdet, Byglandsfjord (04. + 18.11.)
- Bygland Mekkeklubb: måndagar kl. 17.30, Nesmoen 3, Bygland

## BYGLAND UNGDOMSKLUBB

**Klubbleiar: Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989**

- mån: 18.30 - 20.00, 5. - 7. kl. (Byglandshallen)
- mån: 20.00 - 22.00, 6. - 10. kl. (Byglandshallen)
- ons: 19.00 - 22.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen)

1x/månaden: Fredagsklubb i Årdalshallen

kl. 18.00 - 21.00, 5. - 7. klasse (neste: 22.11.)

**Nattturnering i volleyball** frå 6. klasse og oppover i Byglandshallen, laurdag 23.11. frå kl. 19.00 - rundt kl. 03.00. Sjå på Facebooksida vår for meir informasjon..

**I løpet av november opnar vi dei nye klubblokala i Bygland sentrum.**



**Kino på Bygland kulturscene: Bygdekinoen ons. 06.11. - avlyst grunna arrangement**  
**Bygland Filmklubb: Terminator 2 - Judgment Day (1991; 15 år), sun. 10.11. kl. 19.00**



# BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

**Bygland Kyrkjelege Fellesråd**  
**Sentrum 18, 4745 Bygland**  
[bygland.kyrkje.no](http://bygland.kyrkje.no) og på Facebook

### Kontakt

- Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
- Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711
- Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159



### GUDSTENESTER

- **sundag, 19.11. kl. 20:00: Ungdomsgudsteneste i samarbeid med KVS Bygland, Bygland kyrkje** med Kjell Steinbru og KVS Bygland

### ANDAKT PÅ BYGLANDSHEIMEN

- **tysdag, 05. og 19.11. kl. 14:00**

### KONFIRMANTUNDERVISNING

- **tysdag 04. og 18.11. kl. 14:30, Vonheim bedehus, Bygland**





### KYRKJEBLADET

Kyrkjebladet nr. 3/2024 finn du både i papirformat og digitalt på Bygland og Årdal sokn si heimesida.

Redaktør: Olav Nilsen tlf: 982 99711, [kbnilsen@hotmail.com](mailto:kbnilsen@hotmail.com)


Layout/ombrekk: Erik Dyngvold

Trykk: Bjorvand & Co



### KONSERT MED INGAMAY HÖRNBERG

Bygland sokneråd i samarbeid med Skjærgårdssang inviterer til **KONSERT MED INGAMAY HÖRNBERG og Minnedag (Allehelgensdag) i Bygland kyrkje søndag 3. november kl. 19.00** Etter konserten serverer me kyrkjesuppe. Takkoffer. Velkomen til konsert!





# BYGLAND OG ÅRDAL SOKN



## TRUSOPPLÆRING

### Ny trusopplærer i Bygland og Årdal sokn: Janne Theodora Wikstøl (26) frå Hægeland

Janne er vakse opp i Hægeland Frikyrkje. Der har ho vore leiar både i Junior og ungdomsarbeidet "Online", og i Øvrebø Frikyrkje som forbeder, som leiar i to bibelgrupper og i mediatemaet under "Active Focus-festivalen".

Janne er døypt i Hægeland Frikyrkje, men vart konfirmert i Filadelfia Vennesla. 19 år gamal reiste ho til Hawaii for å gå på bibelskule (DTS) i regi av Ungdom i Oppdrag. Praksistida hadde ho på Filippinane. Då ho kom heim att tok ho eit årsstudium i Kommunikasjon og Livssyn på NLA Mediehøgskolen. Ho fortel at mykje av studiet eigentleg handla om trusforsvar ( Apolegetikk ), og at dette gav ein svært god balanse i høve til den meir karismatiske linja som Ungdom i Oppdrag står for.

Deretter tok ho ein 3-årig Bachelor i "Global development studies" ved Universitetet i Agder. Sia ho var 16 har ho samstundes arbeidd som butikkmedarbeider i Felleskjøpet, så her har bokleg lærdom og praktisk yrkesliv gått hand i hand.

Janne verkar trygg - både i seg sjølv og i si kristne tru.

"Eg veit at Jesus døydde, at han stod opp og at han lever idag" seier ho. På armen har ho ei tatovering. På denne står det "Daughter" - datter. Dette for heile tida vera medveten på at ho er eit Guds barn - og datter! Ho fortel og at ho dei siste åra har lært å setje meir og meir pris på gudstenestene i Den norske kyrkja - liturgien, tekstlesingane, bønene og alt det som er fast frå gong til gong. Og ikkje minst salmesongen og orgelbruset!

Janne har både solid og allsidig erfaring på mange felt. No går ho inn i arbeidet som trusopplærer i Bygland og Årdal sokn. Ver med og be for Janne - at ho kan verta til velsigning for kyrkjelyden, og at ho når inn både til borna og ungdomen i Bygland kommune.



*Tekst (kortversjon) og  
bilete: Olav Nilsen*

## Konfirmantpresentasjon



### Dei nye konfirmantene i Bygland 2024/25

(frå venstre) Emilian Dale Eklund, Ida Marie Frøysnes Emblemsvåg, Jenny Feed Lunden, Tage Alexander Kjetså, Julie Lande, Åsne Moe og Ellinor Langhelle Åsen. Ytterst til venstre sokneprest Kjell Steinbru.

*Bilete: Janne Theodora Wikstøl*



## »»» TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

### SØPPELTOMING - NOVEMBER 2024

- **Matavfall og restavfall:** veke 46: torsdag 14.11.
- **Papir og plast:** veke 48: tysdag 26.11.
- **Matavfall og glass/metall:** veke 48: torsdag 28.11.



### GJENVINNINGSTASJONER

- **Nesmoen, Bygland:** kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (13.11.) og 4. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (23.11.)
- **Syrtevit, Evje:** Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00- 14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (09.11.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: [post@smg-iks.no](mailto:post@smg-iks.no); heimeside: [www.smg-iks.no](http://www.smg-iks.no), tlf.: 37 93 17 00

## YMSE

### »»» STOGA OG BYGLAND TURISTKONTOR

**STOGA kulturkafé og BYGLAND TURISTKONTOR**  
 Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 907 81 105;  
 på FB: [facebook.com/StogaAS](https://facebook.com/StogaAS)

- kvar fredag og søndag kl. 13:00 - 20:00

På turistkontoret får du

- kart over Bygland og turar, info om bomvegar
- fiske og fiskekort i Bygland (sjå også s. xx)
- kaffi, vaflar, toast, is, avisar og Setesdal-bøker

**Bygland museum**, Presteneset, Bygland.

Opningstider: kvar søndag kl. 11.00 - 17.00

Booking for guida tur: tlf. 907 81 105



**Bjoren Brygge**  
 I november

Fre.8 Revy åpent 16-02

Laur.9 Revy åpent 16-02

Fre. 15 Quiz

Laur.23 Herrelønsj

middag kvar torsdag!

sjå eigen meny

HUSK å tinge ♥

Nina 93262168

### »»» BJOREN BRYGGE

**Kafé, ølhage, live musikk rett ved Byglandsfjorden!**

Presteneset 12, 4745 Bygland

Kontakt: Nina Bygland, tlf. 932 62 168;

på FB: [bjorenbrygge](https://facebook.com/bjorenbrygge)





## YMSE

## &gt;&gt;&gt; MUSIKK



## KONG HANES EFTF.

Blanda kor på Bygland. Øving onsdagar kl. 19.30 - 21.30; musikkrom på Bygland skule

## BYGLANDSFJORD BARNEKOR

Øving måndagar i oddetalsvekane kl. 17.00 - 18.00; Fredheim bedehus, Byglandsfjord



## BYGLAND LEIKARRING - NY!!! -

Øving måndagar kl. 17.30 - 18.30; Bygland kulturscene

Akkurat no er aldersgruppa frå barnehage til 7. klasse, men viss det er meir interesse blant eldre elevar, kan me starta ein eigen leikarring!

## BYGLAND HORNMUSIKK

Noregs lengste korps! Øving tysdagar kl. 18.00 - 20.30; Bygland kulturscene

### Prosjektet «Noregs lengste korps - Tuba or not to be» fekk sjekk over ein halv million kroner av Gjensidigestiftelsen

– De hadde ein så god søknad, som passa perfekt inn i «Aktiv fritid for alle» til Gjensidigestiftelsen. Difor er det så moro å kunne dele ut ein sjekk på ein halv million kroner, sa Siv Therese Kile Lie i Gjensidigestiftelsen og stadfesta at Bygland hornmusikk fekk alt dei søkte om. - «Aktiv fritid for alle» har som hovudmål å få fleire til å delta i organiserte fritidstilbod.

Det trur Lie at prosjektet til Bygland hornmusikk, «Noregs lengste korps - Tuba or not to be» vil medverke til.

*Tekst/foto: Sigrid Åsen Haugsgjerd/Setesdölen*

**BYGLAND KOMMUNE GRATULERER!!!**



## BYGLAND DRAMATISKE SELSKAP

## Bygland revy 2024: Stut og køyr!

Bygland kulturscene - Sal av kaffi og kake i pausen

- torsdag 7. november kl. 19.00
- fredag 8. november kl. 19.00
- laurdag 9. november kl. 19.00

Billettpris: 250,- selgast på Coop Ose, Haugå landhandel, Databutikk Evje eller SMS til 415 11 136.



BYGLAND DRAMATISKE SELSKAP presenterer

# Stut og køyr!

Torsdag 7. nov. kl. 19:00  
Fredag 8. nov. kl. 19:00  
Laurdag 9. nov. kl. 19:00

BYGLAND KULTURSCENE  
Billettpris: 250,-

Sal av kaffe og kake

Såll av billetter:  
COOP MARKED OSE  
MATKOKKEN / HAUGÅ LANDHANDEL  
DATABUTIKKEN EVJE eller SMS til 415 11 136

BYGLAND

Yttre Spørresbank, AIDER, Fjell & Hornnes, Setesdölen, SPAREBANKEN SØR



## YMSE >>> MEKKING

### Bygland Mekkeklubb - NY!!! -

Mekkeklubb for barn i 6.-10. klasse. For både gitar og jenter med og utan noko kunnskap.

Containertech og Nesodden Industri har sagt seg villig til å stille opp med gratis lokale og ein del verktøy.

Vær innstilt på dugnadsarbeid i starten, der barn og foresette setter opp verkstad og klubblokale i felles innsats.

**Tid: måndagar kl. 17.30 - 20.30**

**Stad: Simonstadbygget på Nesmoen, Bygland.**



## >>> FØRJULSKOS

### Byglandsfjord Grendelag

**Juleverkstad i Årdalshallen, onsdag 13. november kl. 17.00 - 19.00**

Denne ettermiddagen treng barna ein vaksen med seg og alle store å små vil få servert pølser i brød/ lompe. 🧑🏻👶🏻👶🏻

Vi ønskjer påmelding innan torsdag 7. november,

og skriv gjerne kor mange barn (og alder på barna) og vaksne som kjem. Juleverkstaden er gratis.

Påmelding til Kirsten: tlf. 48256857

### Bygland Husflidslag

**Jolemarked på Ose grendehus, laurdag 30. november kl. 11.00 - 16.00**

Tradisjonen tru, lager me igjen jolemarknad. Mange utstillere, aktiviteter for borna. Salg av mat og drikke!

**Velkomen til ein hyggeleg førjolshandel!**

Vil du vere utstillar ta kontakt med Nina: tlf. 932 62 168

### Bygland frivilligsentral

**Jolegate opning i Bygland sentrum, 29. november kl. 17.00**

Jolelysa vert tent.

Fakkeltog til frivilligsentralen

Graut og kaffi.

**Velkomen små og store!**



### Bygland Hornmusikk og Noregs lengste korps

**Ljosmesse og Jolekonsert, søndag 1. desember kl. 20.00, Årdal kyrkje, Grendi**

Velkomen til ei musikalsk reise med Noregs lengste korps inn i førjolstida!

### LJOSMESSE & JOLEKONSERT



Ljosmesse og jolekonsert i Årdal kyrkje Grendi søndag 1. desember kl. 20.00

Velkomen til ei musikalsk reise med Norges lengste korps inn i førjulstida

Deltek - Takkoffer til Det norske Misjonsselskap

BYGLAND OG ÅRDAL SØKNERAD

**Setesdal Sogelag: Laust og fast frå 50 år som redaktør i Setesdal**

**v/ Sigurd Haugsgjerd, tysdag 12. november kl. 19.00, Pakkbua, Byglandsfjord**



# KVA SKJER I BYGLAND NOVEMBER 2024

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)



Ose i Bygland - Foto: Susanne Hegenscheidt

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	KVA SKJER
torsdag 07.11.	Evje & Hornnes og Bygland legesenter; kommunestyresalen, Bygland	kl. 09 -15	Vaksineringsdag på Bygland
torsdag 07. - laurdag 09.11.	Bygland Dramatiske Selskap; Bygland kulturscene	kl. 19.00 kvar kveld	Bygland revy: Stut og køyr!
sundag 10.11.	Bygland filmklubb; Bygland kulturscene	kl. 19.00	Film: Terminator 2 - Judgment Day (15 år)
tysdag 12.11.	Setesdal sogelag; Pakkbua Byglandsfjord	kl 19.00	50 år som redaktør i Setesdal v/ S. Haugsgjerd
onsdag 13.11.	Byglandsfjord grendelag, Årdalshallen	kl. 17-19	Juleverkstad
laurdag 23.11.	Bygland Ungdomsklubb, Byglandshallen	kl 19-03	Nattturnering i volleyball
tysdag 19.11.	Byglandsheimen	kl. 14.00	Andakt
tysdag 19.11.	Bygland kyrkje	kl. 20.00	Ungdomsgudsteneste m/ KVS Bygland
torsdag 28.11.	Agder fylkeskommune, Sølvgarden Hotell, Rysstad	kl 16.30 - 21	Kvinnespranget 2024 - Setesdal
fredag 29.11.	Bygland frivilligsentral, Bygland sentrum	kl. 17.00	Jolegateopning
laurdag 30.11.	Bygland husflidslag; Ose grendehus	kl. 11 - 16	Jolemarked på Ose

**FAMILIEBADING OG BADSTOGA - TYS DAGAR OG FREDAGAR KL. 17-20, SYMJEHALLEN PÅ BYGLAND SKULE - GRATIS!**

